

Lindås Kommune  
 v/Byggesak Att: Siril Sylta  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 ISDALSTØ

VISJON:  
 HEILSKAP  
 OG KVALITET

Osterfjordv.124  
 5914 Istdalstø  
 Org.nr :  
 982 231 345  
 epost: post@  
 reigstadbygg.no  
 heimeside: www.  
 reigstadbygg.no  
 Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad:**  
 92 60 82 35  
 geir@  
 reigstadbygg.no

Knarvik, 05.10.2018

## Utbygging Kubblaleitet bustadfelt, ønskje om møte med byggesak

Reigstad Bygg og Eiendom as eig føretaket Sommero Panorama as som eig størstedelen av utbyggingsarealet innan Kubblaleitet Reguleringsplan. Sommero har også vore planfremjar for området. Vi har gjennom utbyggingsavtale med kommunen forplikta oss til å gjennomføre utbygging av infrastruktur (VVA) innan planen. Dette arbeidet er i gang.

Når det gjeld bustader, skal det i vårt område byggast totalt 137 bueiningar. Vi har allereie søkt og fått fleire byggeløyver innan planen. Vi har og hatt ei sak om mindre endring av plan. Vidare skal det etablerast mange leikeplassar og uteområde, kyststi m.v. Vi ønskjer dialog og samarbeid med kommunen om opparbeiding av desse, slik det og står i føresegne. Vi har eit uttalt mål om at dette skal bli det beste buområdet i Nordhordland.

Dette er eit relativt stort felt/plan i Lindås kommune. Vi skal vere her lenge.

**Bygg**  
 Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
 92 50 82 36  
 hakon@  
 reigstadbygg.no

Fagleg leiar  
 byggesak og  
 prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
 97 74 79 64  
 kjell@  
 reigstadbygg.no

Teikning  
 Prosjektering,  
 Byggesak  
 Nybygg  
 Tilbygg  
 Bustad  
 Garasjer  
 Hytter

**Entreprenør**  
 Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
 90 03 97 61  
 rolf@  
 reigstadbygg.no

Graving,  
 Boring  
 Sprenging  
 Transport  
 Støyping  
 Natursteins  
 Muring  
 Uteareal  
 Grøntareal

### Ønskje om dialog med fast person/team om ulike tema.

I samband med ulike saker som har både med førebuing av byggesak/tolking av føresegner, endring av plan, utforming av leikeplassar og uteområder, godkjenning av riggplan, gebyrer, utsprenging av tomt pga HMT, justering av plassering straumbygg, mv ser vi at vi skulle hatt nokon å samtale med. Vi har og andre spørsmål og avklaringar som dukkar opp undervegs. Planen er omfattande i areal og utbygging, det vil dukke opp fleire element etter kvart.

Det vi ønskjer er ein (fast) person/koordinator eller eit team som har det «overordna ansvaret» innan planen og som vi kan ha dialog med om ulike tema. Ein slik person eller team vil då kunne ha betre og meir heilsakeleg kunnskap om både planen og dei tiltaka som skal gjennomførast. Eit slikt samarbeid og dialog trur vi vil kunne spare både oss og kommunen for tid, og vil kunne gje betre sluttresultat. Eit slikt team kan ved høve utvidast med representant frå Plan og eventuelt også Teknisk drift.

Me ønskjer eit møte for å diskutere dette og andre tema med Lindås kommune, gjerne i løpet av oktober månad.

Med vennleg helsing  
 For Reigstad Bygg og Eiendom as

Kjell-A. Reigstad